

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

Bergen, 22. oktober 2018

## **Høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft på land**

**Av omsyn til naturmangfald, verdifulle naturområde, friluftsliv og landskap meiner Naturvernforbundet Hordaland at analyseområde 15, 16, 17 og 18 må takast ut av nasjonal rammeplan for vindkraft.**

**I Hordaland var mange kommunar ikkje klare over at deira kommunar låg inne i NVE sine analyseområde. Dette er særskilt kritikkverdig i lys av inngrepa landbaserte vindkraftverk av slike dimensjonar representerer, og at det ifølgje OED skal vera vesentleg enklare å få konsesjon for vindkraftutbygging innanfor dei utpeika områda. Ein slik prosess burde ha ein langt større tidshorisont, ikkje minst dersom målet er at rammeplanen skal vera eit konfliktdempande verktøy.**

**På bakgrunn av manglande demokratisk forankring og fråværet av ein grundig, overordna debatt om naturforvaltninga i Noreg, meiner Naturvernforbundet Hordaland at arbeidet med nasjonal rammeplan for landbasert vindkraft må innstillast. Naturvernforbundet Hordaland etterlyser ein heilskapleg energiplan for framtidens Noreg med hovudvekt på**

- realisering av potensialet innan energisparing og –effektivisering
- småskala produksjon av fornybar energi i byar og tettbygde strøk
- havvind
- status for samla last for natur, biologisk mangfald og landskap som følgje av kraftproduksjon
- strategi for heilskapleg oppfølging av Parisavtalen, konvensjonen om biologisk mangfald og den europeiske landskapskonvensjonen

### **Kommentarar til rammeplanen**

Naturvernforbundet Hordaland meiner at karta over analyseområda i rammeplanen burde ha vore langt meir brukarvenlege – særskilt gjeld dette kartet som inkluderer harde og mjuke ekskursjonar. Karta burde også ha synleggjort viktige natur- og friluftsområde. Valet om å ta ut INON-område og særskilt større, samanhengande område med urørt natur som eige tema i arbeidet med rammeplanen, meiner me er kritikkverdig og i strid med konvensjonen for biologisk mangfald som Noreg har forplikta seg til.

Rammeplanen og prosessen er i strid med plan- og bygningslova sine krav til medverknad, og kommunar, lokalbefolkning og organisasjonar har i for liten grad vorte involvert. Spesielt i lys av den manglande involveringa av kommunar i analyseområda, stiller Naturvernforbundet

Hordaland spørsmålsteikn ved korleis vurderinga av konfliktnivå skal gjerast. Vil kommunar som ikkje har kome med fråsegn i denne fasen av prosessen – mange grunna mangel på informasjon og medverknad – verta vurderte til å ha eit lågare konfliktnivå?

### **Analyseområda i Hordaland**

Analyseområde 15, 16, 17 og 18 ligg innanfor Hordaland fylke sine grenser. I desse områda finn me mange av dei siste samanhengande naturområda med urørt natur i eit av fylka som bidreg mest med produksjon av vasskraft. Desse områda er også svært viktige natur- og friluftsområde for hordalendingar og andre, og me nemner spesielt Stølsheimen, Bergsdalen, Kvamskogen, Etnefjella, Folgefonna og øyrika langs kysten nord og sør i fylket. Kvart analyseområde representerer unike verdiar innan natur, biologisk mangfald, landskap og friluftsliv som ikkje kan sameinast med storskala, landbasert vindkraft. For inngåande informasjon om dette viser me til uttalen frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland, der Naturvernforbundet Hordaland er ein av organisasjonane som står bak. Elles viser me til eigne uttalar frå dei av lokallaga våre som har sendt inn høyringssvar.

### **Konklusjon**

Naturvernforbundet Hordaland sin konklusjon er den same som FNF Hordaland:

1. Kunnskapsgrunnlaget i Hordaland for analyseområde 15, 16, 17 og 18 er godt nok til å konkludera med at vidare analyse er overflødig. Dette er område med vesentlege verdiar som ikkje kan sameinast med vindkraft. Ingen analyseområde i Hordaland kan inngå som mest eigna område for vindkraftverk på land.
2. Stortinget si bestilling kan ikkje gjennomførast, men direktoratet og departementet kan laga eit kart som viser områda kor det er uaktuelt med vindkraftverk. Eit slikt arbeid bør gjennomgåast på nytt når kunnskapen som er under oppbygging er klar.
3. Dersom rammeplanen likevel skal gjennomførast i høve til bestilling, må arbeidet startast for nytt, og med ein mykje lenger tidshorisont, for å sikra lokal og regional medverknad og forankring. Ein slik omstart vil også ivareta at viktige kunnskapselement under oppbygging kan inkluderast.

Helsing

Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet  
Leiar

Oddvar Skre  
Gruppeleiar Naturmangfald

Synnøve Kvamme  
Sakshandsamar

### **Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Miljødirektoratet  
Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland